

## GRASROTANDELEN


HaNo har pr i dag 81 spelarar som har registrert HaNo på spelekortet sitt hos Norsk tipping. Vi fekk inn om lag 20 000 kroner i 2010 på dette.

Vi vil auke dette talet, og målsettinga er 150 medlemmar i løpet av 2011. Er du registrert på HaNo? Hjelp oss til å utvikle klubben vidare, det kostar ikkje noko ekstra når du tippar.

Neste gong du er hos kommisjonæren og skal tippe, hugs å registrere kortet ditt på HaNo FK. Det du fortel til dei lokale kommisjonærane her ute på øyane, er at du vil registrere på HaNo. Om dei ikkje har organisasjonsnummeret vårt, så oppgir du dette nummeret:  
**9815 54736.**

Du brukar ikkje meir pengar enn du har tippa for frå før, det einaste som skjer, er at 5 % av innsatsen din på lotto eller tippe-rekka di går til HaNo :)

## Aktivtetsleiarkurs 2.-3. april



Det blir aktivitetsleiarkurs i Nordøyhallen helga 2.-3. april. Kurset vil vere ei blanding mellom teori og praksis.

Kursleiar blir Hallgeir Ausnes, og Sunnmøre fotballkrets og HaNo FK er arrangørar. Meld deg gjerne på! Meir informasjon og påmelding finn du på [www.hanofk.no](http://www.hanofk.no)

## Våre hovudsponsorar



Rolls-Royce



SPAREBANKEN MØRE



sport 1  
Brattvåg





**Støtt oss med DIN grasrotandel!**

Ved å tilknytte oss som din grasrotmottaker, vil vi få 5 prosent av alt du spiller for hos Norsk Tipping.

Klikk her for å lese om hvordan du tilknytter deg.





# HaNo—Nytt februar 2011

Nr 1 2011  
Utgevar: Styret

## Nordøyhallen er klar til bruk!

15. juli starta arbeidet med å bygge Nordøyhallen. Knappe 2500 dugnadstimar seinare, er hallen på plass, kunstgraset er lagt og påbygget er oppe. Mykje står endå att før vi har fått den fleirbrukshallen vi skal ha. Men no er det i allefall klart for å trene fotball i hallen.

(Meir på neste side)

HaNo—Nytt februar 2011:

Nordøyhallen er klar til bruk!


Joakim vender heim

Seniorlaga er i gang

Aktivtetsleiar-kurs

Grasrotandelen

Nettside:



Etter ei lang periode med armering – og forskalingsarbeid, var vi klare for å reise påbygget i november. I påbygget skal det verte toalet, kjøken, garderobes og lager. I starten av desember starta arbeidet med å reise sjølve hallen som er levert av O.B.Wiik. Dei brukte ca 6 veker på å få opp stål og duk. Etter dette har det gått med mange timar på å henge opp lys, og få på plass det elektriske.

Dei siste to vekene har gått med til planering av grunn og legging av kunstgras. Det er framleis ein del ting som ikkje er fullført inne i hallen. Mellom anna skal det plateleaste på langsiden, og det skal hengast opp

## Offisiell opning i mai— kom også på søndag!

Dei med flest timar dagnad, har no bikka 200 timar. Og det er 15 stykker som har 50 timar eller meir. Ikkje verst! Men vi er enno ikkje i mål. Håpet er at alt i hallen, og store delar av påbygget skal vere ferdig til kulturministe-

ren kjem for å formelt opne hallen siste helga i mai. Har du lyst å sjå korleis Nordøyhallen ser ut, er du hjarteleg velkomen til å ta turen innom!

**Kom på søndag!**  
**No søndag (20.feb) kl**

*Meir info om søndagen på hanofk.no*



## Herre- og damelaget godt i gang

Sportsleg Utval Senior (SUS) melder om at både dame- og herrelaget er godt i gang. Joakim Austnes trenar altså herrelaget, med Vegard Hal-kjelsvik og Lars Åkre som hjel-petrenarar.

som i fjor leia av **Kenneth Ulla** (hovudtrenar) og **Roar Seth** (hjelpetrenar). Terminlister og anna info om seniorlaga blir å finne på HaNo-sida som vanleg.

PS! Visste du at dame- og herrelaget også har bloggar for laga sine? Besøk gjerne:

[www.hanoherre.blogspot.com](http://www.hanoherre.blogspot.com)

[www.hanolepsoy.blogspot.com](http://www.hanolepsoy.blogspot.com)

**Damelaget** held fram med samar-beidet med Lepsey II, og det vert rapportert at stallen tel nesten 25 spelarar, og heldigvis blir laget i år

## Joakim vender heim

Joakim Austnes blei årets spelar i HaNo i 2000. Etter det kjenner vi historia hans i Aafk og Viking. No har Joakim flytta heimover, og har takka ja til å vere spelande trenar for HaNo sitt herrelag sesongen 2011, førebels fram til sommaren. Joakim skal også bidra litt inn mot yngres avdeling.

Vi ønsker Joakim velkomen heim, og lykke til med sesongen.



## Desse yngres-laga er påmeldt

Sportsleg Utval Yngres (SUY) har vore i full sving med påmeldingar, finne trenarar og oppmenn og mykje meir siste tida. HaNo vil melde på desse laga til årets sesong:

G14, G12, G10 og G8  
J 16, J 12, J10 og J8.

*Biletet er frå ei G8- turnering i mai 2010.*